

Samiske språk

Samisk er språka til samane. Det er ni forskjellige samiske språk.

Samiske språk blir snakka i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Fleire av språka blir snakka på tvers av landegrenser.

I Noreg har vi tre samiske språk som blir rekna som offisielle. Det er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk.

Nordsamisk er det mest brukte samiske språket i Noreg.

Samiske språk kan vere ganske ulike. Dei som snakkar samisk, forstår ofte andre samar som kjem frå same område. Samar som kjem frå andre område kan det vere vanskeleg å forstå.



I Noreg har alle samiske elevar rett til å lære samisk på skulen. Det gjeld uansett kvar dei bur i landet. Dette er viktig for at dei skal forstå kven dei er og kvar dei kjem frå.

Nesten alle dei samiske språka er truga. Sametinget jobbar for å bevare og styrkje samiske språk.

Spørsmål til teksten:

1. Kor mange samiske språk finst det?

1. Kvar blir det snakka samisk?

3. Kva tre samiske språk blir rekna som offisielle i Noreg?

4. Kvifor har alle samiske elevar rett til å lære samisk på skulen?
